

## **REGLAR FOR BRUK AV NÆRINGSFONDSMIDLAR PÅ BUDSJETTPOST NR. 1 410 470**

(Vedteke av Kommunestyret i Fyresdal Kommune, 21. april 2005)

### *Formål:*

Fyresdal Kommune skal gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar bidra til å skape- og halde på lønsamme arbeidsplassar i bygda. Næringsfondet i Fyresdal kommune skal ut frå denne visjonen nyttas til beste for utvikling av nytt- og eksisterande næringsliv i bygda, slik at kommunen fyller si målsetting om å vere ein god stad å bu.

- § 1. Næringsfondsstyret er styre for og handsamar søknader om dei kommunale midlane som står på post 1 410 470 i budsjettet. I tillegg til reglane som følgjer skal næringsfondsstyret forvalte fondet i tråd med kommunestyresak 3/94 og 39/94.
- § 2. Prioritering av midlar gjerast på fritt grunnlag med basis i kommunens overordna planverk og målsettingar.
- § 3. Det løyvast ikkje lån over næringsfondet. Ved ønskje om lån til næringsføremål, må det rettast særskild søknad til kommunen som fremmast som eige sak for kommunestyret.
- § 4. Arbeidet, prosjektet eller investeringa skal som hovudregel gjennomførast i tilsagnsåret og det påfølgjande året. Dersom tilsagnet må ha lengre varigheit skal dette gå fram av vedtaket.
- § 5. Prosjekt som inneheld vesentlege element av marknadsføring, produktutvikling, kompetanseheving og/eller miljøskaping skal leggst vekt på. I hovudsak kan ein søke om fire ulike tilskotsformer:
  - Tilskot - forprosjekt
  - Etablerartilskot
  - Marknadsføringstilskot
  - Investeringstilskot/ utviklingstilskot.

Søknaden skal stilast på eige søknadsskjema til Næringsfondet i Fyresdal kommune.

- § 6. Desse vilkåra skal vere oppfylt når stønad blir gjeve:
  - Fyresdal kommune har innsynsrett i dei verksemdene som har fått tilskot.
  - Verksemda må vere etablera og registrert i Fyresdal.
  - Verksemda må ligge i Fyresdal.
  - Ved nedlegging eller flytting av verksemda innan 3-5<sup>1</sup> år, skal tilskotet tilbakebetalast.

---

Næringsfondsstyret kan unnta ein eller fleire av desse vilkåra.

Etter vedtak i Næringsfondstyret skal søkar underteikne og returnere ei erklæring om at vedkommande aksepterar tilbødet og dei føresetnader som ligg til grunn for vedtaket. 3 år etter vedtak skal mottakar av tilskot sende inn eit skrifteleg evalueringsskjema som vil følgje partsbrevet ved tildeling.

§ 7. Når det kan dokumenterast at minst 60% av dei tilskotsberettiga kostnadane er betalt, kan 50% av tilskotsbeløpet utbetalast. Resten av tilskotet blir utbetalt når prosjektet/arbeidet er ferdigstilt i samsvar med godkjent/innvilga søknad. Næringsfondsstyret kan etter søknad gjere unntak.

Midlar som er løyvd over næringsfondet kan krevjast heilt eller delvis tilbakebetalt dersom søkjaren har gjeve feil opplysningar i søknaden som slik har medført feil utbetaling av tilskot, eller dersom midlane ikkje vert nytta i samsvar med dei føresetnader som ligg til grunn for tildelinga.

§ 8. Landbruksretta tilskot.

Verksemder innan jord, skog,- og utmarknæring kan søkje om stønad til enkelttiltak på landbrukseigedomar for å oppretthalde eller styrke grunnlaget for framtidig verdiskaping. Gjeldande landbruksplan for Fyresdal kommune skal leggjast til grunn for prioritering- og handsaming av landbruksrelaterte saker.

Ein kan for eksempel søkje om stønad til:

- Nydyrking. 50 % av dokumenterte kostnader, inntil kr. 3.000 pr daa. Område med aktiv drift og utvidingspotensiale skal prioriterast.
- Reisekostnader for bruk av veterinær for dei fyrste 10 km frå veterinæren sitt utgangspunkt.
- Kjøp av mjølkekvote. Inntil 50 % av kostnader rekna etter til ei kvar tid gjeldande offentlege satsar.
- 1. gongs tynning. Ein kan gje inntil 300 kr/daa i tilskot under føresetnad av eit minimum uttak på 2,5 m<sup>3</sup>/daa og motormanuell arbeidsform.
- Tilskot til driftsbygningar kan, etter individuell søknad og handsaming i Næringsfondsstyret, gjevast både for nybygg og ombygging av eldre driftsbygningar.

Ein gjer merksam på at tiltak som blir forhandsgodkjent i høve til anna lovverk, eksempelvis omdisponering ved dyrking, ikkje inneber at tiltaket er innvilga stønad. Kvar søknad om økonomisk stønad skal fremmast og handsamast på individuelt grunnlag.

§ 9. Det skal utarbeidast spesifisert oversikt over bruken av næringsfondsmidlane. Denne skal leggast fram for kommunestyret saman med kommunerekneskapen, eller når kommunestyret krev det.